



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vanylven kommune  
Rådhusvegen 1  
6143 Fiskå

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	13.12.2021	171775/2021/REGULERINGSPLAN/1511	Synnøve Valle, 71 28 02 39	18.01.2022

## Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - etablering av frittliggende fritidsbustader gbnr 42/2 - E40 Slagnes - reviderte plandokument – fråsegn ved avgrensa ettersyn

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld andre gongs høyring av detaljregulering for fritidsbustader ved Slagnes. Ved første gongs høyring fremma vi motsegn til framlegget. Motsegna var grunngitt i planfaglege forhold (planføremaal, bygging i strandsona) og tilhøve til automatisk freda kulturminne.

Det er sendt inn reviderte plandokument og vi er bedne om å trekke motsegna.

### Planfaglege merknader

I dei reviderte plandokumenta er området som ikkje er omfatta av kommuneplanens arealføremaal E40 (reiselivsverksemd) teke ut. Dette medfører at strandområdet no ikkje er omfatta av planen.

I føresegnene til kommuneplanen, punkt 3.6 innanfor områda Åram E21, Sandvika E26, E53, Strand E29, Tunheim E34, Nordstranda E50, E54, Skjervheim E35, Ytre Vik E40 og Kvilehytta E47 er det berre høve til å etablere reiselivsverksemd. Planføremalet er endra frå reiselivsverksemd til frittliggende fritidsbustader.

Ved første gongs høyring kommenterte vi også fyllinga i sjøen nedanfor planområdet og viste til at vi ikkje har fått saka om utfylling i sjø til vurdering. Sjølv om dette er teke ut av planområdet, ber vi kommunen følgje opp denne saka.

Etter ei samla vurdering kan vi trekke motsegna som vi hadde på planfagleg grunnlag.

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi trekkjer motsegna vår då kulturminnet ID 273711 er trekt ut av planen. Planomtalen bør likevel vise til kulturminnet, sjå informasjon under. Kart over denne bør også vere med slik at ein unngår unødig skade. Det er tilgjengeleg i GISLINK og i databasen Askeladden.

Steinalderlokaliteten ID 273711 ligg på Slagnes, på gbnr 42/2 ,ved sjøen midt mellom Korsneset og Vikneset og rett sør for ein liten bergknaus der det veks skog, langs vegen der vegen gjer ein sving. Den er ca. 50 m lang og inntil 30 m brei. Lokaliteten ligg i dyrka mark, i eit hjørne av eit jorde nedanfor eit tidlegare bustadhus. Den har utsyn over Syltefjorden mot nordaust. Sjølv om det er nokså opent terreng rundt lokaliteten, ligg den forholdsvis lunt til fordi den ligg i ei bukt mellom to nes. Det blei gjort 16 funn av flint eller bergkrystall, fordelt på sju positive prøvestikk. Mange av funna blei gjort i matjorda, og resten i grusen under matjorda. Om lag 20 m vest for lokaliteten blei det også gjort funn av to små flintavslag i matjorda (ID 273734), som bør sjåast i samanheng med denne lokaliteten.

### **KONKLUSJON**

Vi viser til vurderingane over og **trekker motsegnene** som vi hadde ved første gongs høyring.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Synnøve Valle  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog/rådgivar Susanne Busengdal, tlf. 71 28 02 75

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal